

Pressemelding, 19. april 2018

Auking i søkjartala til høgare utdanning held fram i 2018.

142 004 personar har per 16. april 2018 søkt til høgare grunnutdanning gjennom Samordna opptak ved Kunnskapsdepartementets tenesteorgan (KDTO). Dette er 6 417 fleire førstevalsøklarar enn i 2017, det vil seie ei auking på 4,7 %.

- Vi konstaterer at søking til høgare utdanning held fram med å auke, seier avd. direktør i KDTO, Grete Christina Lingjærde.

Utdanningsområde og -typar

10 utdanningsområde har oppgang i søking, mens 6 utdanningsområde har ein nedgang samanlikna med søkninga i fjor.

Ser vi på utdanningsområda, er aukinga størst for informasjonsteknologifag med 21,6 %. Det svarar til 1 046 førstevalsøklarar. For lærarutdanningane er veksten 15 % (1 573 søklarar). Teknologifag har ei auking på 5,7 %. Helsefag har i år ein vekst på 3,9 %. Fagområde som idrett aukar med 11,2 %, estetiske fag 10,2 % og pedagogikk med 6,9 % frå i fjor.

Innan lærarutdanningane ser vi ei auking i søklarar til barnehagelærarutdanningane med 18,4 % (662 søklarar). Det er også auking i søkjartala til grunnskulelærarutdanningane 1-7 med 15,7 % (359 søklarar). Det gir ei auking på 359 førstevalsøklarar frå i fjor. Tal på førstevalsøklarar til 5-årig integrerte lektorutdanning 8-13 aukar med 13,8 % (333 søklarar).

Innan teknologifaga er det dei maritime faga som har den prosentvis største veksten med 15,3 %. Det svarar til 53 førstevalsøklarar.

Det er i år ein nedgang i søkning til helsefag som reseptar -18 % og farmasi -13 %. Til fag som reiseliv er det -19,6 % færre førstevalsøklarar. Jus -4,9 % og arkitekt -2,0 % har også nedgang i tal på førstevalsøklarar frå i fjor.

Etterspurte statistikkar

Eige faktanotat og fleire statistikkar, blant anna kva for studium som har flest førstevalsøklarar, flest førstevalsøklarar per studieplass og søklarar fordelt på lærestad finn de på:

www.samordnaopptak.no/info/om/sokertall

Vidare plan for offentleggjering av statistikk finn de i informasjonsplanen for Samordna opptak:

www.samordnaopptak.no/info/om/sokertall/informasjonsplan/index.html

Kontakt lærestadene: www.samordnaopptak.no/info/kontakt/Kontakt-lerestedene/

Kontakt Samordna opptak: <http://www.samordnaopptak.no/info/kontakt/kontakt-media/>